

Oppsummering frå fellesmøte med Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Os

Måndag 16. oktober på kommunetunet i Fusa.

Dette er ei kort oppsummering frå den eine gruppa som Bjørg Sjøbø noterte frå:

Likskapar:

- Kystkommunar
- Bygdekultur og tradisjonar
- Nynorsk målform
- Vidaregåande skular
- Sterk frivilligkultur i begge kommunane.

Ulikskap:

- Os kommune er i areal mindre og har ein stor folkevekst. Fusa har stort areal og har mindre innbyggjarar. Kortare avstand til tjenester i os.
- Kortare avstand til ulike tjenester i Os
- Industri og næring. Meir service næring i Os. Tyngre næringsutvikling og industri i Fusa.
- Fusa har 3 private skular. Det er ingen private grunnskular i Os.

Utfordringar:

- Korleis blir det med dei ulike tjenestene ?
- Viktig å ha fokus på tjenesteproduksjon
- Infrastruktur kan bli avgjerande for korleis framtida blir.
- Skapa positive haldningar blant innbyggjarane.

Notat frå Bjørg Sjøbø

Vidaresendt av Agnete D Aarvik

Oppsummering frå fellesmøte med Os sitt råd for menneske med nedsatt funksjonsevne måndag 16. oktober.

Leiar i Os sitt råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, Harald Norheim, og leiar i Fusa sitt Senior og funksjonsråd, Eirin Bergheim og politikar Agnete D Aarvik diskuterte dette under gruppearbeidet med fokus på likskapar og ulikskapar:

Me hadde ein diskusjon som gjekk på korleis dei ulike råda jobbar. Kva er forskjellen og kva er ulikt i Fusa og Os. Me snakka om kva dei ulike råda er opptatt av og ønskjer å få til framover.

Vi spurde leiaren i Os om korleis dei jobbar og kva som er viktig , og oppsummert er det slik:

Begge råda opplever at me får diskutera aktuelle politiske saker, før dei kjem til politisk behandling. Det som leiar i os har erfart er at dersom det blir endringar frå utgangspunktet på ei sak, er det lett å gløyma informasjon om dette til rådet. Her ønskjer ein forbetringar.

Leiar i Os får sakshandsamar til å komma på møta til rådet og orienterer. Dette har me i Fusa lite erfaring med. Kulturleiar og prosjektansvarleg? for den nye fleirbrukshallen var og orienterte til oss i eit møte. Det var veldig nyttig for rådet, og me håpar for prosjektansvarleg og. Dette er ein kjempegod praksis som me ønskjer med vidare.

Elles var begge råda opptatt av lavterskeltilbod til menneske med nedsatt funksjonsevne i alle aldrar. Me i Fusa ønskjer spesielt å få dette til for barn og unge.

Os sin representant fortalde om lavterskeltilbod som er i Os. Frivilligsentralen i Os blir brukt til alle målgruppene i alle aldrar 😊 I Os har det og vore ei sterk foreldregruppe som saman laga

Solståleklubb. Her kan ein ha mange treff med ulike tema og ein lav terskel for å møtast. Det er også ein aktiv interesseorganisasjon for foreldre i Os Me var også innom tema som pårørande foreiningar for psykisk helse. Leiaren i Os Harald Norheim er på mykje kurs og han informerer om tema frå desse kursa i møter.

Me snakka og om at me ønskjer å sjå på begge råda sine vedtekter og dei sentrale føringane når me skal laga vedtekter for Bjørnafjorden sitt råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, eller som det heiter i Alta :Råd for likestilling av funksjonshemmede i Alta. Her må me og sjå på møteprotokollen frå felles kommunestyremøte den 24. august 2017 .

Rådet kan og referera til mandatet som gjeld for rådet, og ta opp dei sakene som rådet ønskjer.

Dette var samtalar mellom oss på den eine gruppa.

Referent

Agnete D Aarvik

## Gunn Sissel Teigen

---

**Fra:** svein lang <sveinlang@outlook.com>  
**Sendt:** 18. oktober 2017 08:58  
**Til:** Gunn Sissel Teigen  
**Emne:** Gruppereferat

Likskap  
Bjørnefjorden  
Nynorsk  
Kystrelatert  
Næringsorientert  
Sterk identitet til bygdene  
Overmodent for sammenslåing

Skille

Sterkere Os identitet enn bygde identitet. Os er kommet lenger på Os identitet  
Landbruk  
Geografisk størrelse  
Skolestruktur  
Privat versus offentlige skoler

Mvh  
Svein L